

From: Asle Bergstrøm <aslbergs@online.no>
Sent: onsdag 18. mars 2020 10.53
To: NVE
Cc: trond.iversen@krokeide.vgs.no
Subject: Konsesjon Kjosfossen kraftverk-Flåmsvassdraget

NVE

Viser til tilsendt varsel om konsesjon av Kjosfossen kraftverk og begge sider av vassdraget i høve kraftstasjonen.

Underteika er hytteeigar gr.47 bnr.31 og interessent i saka.

Hausten 2014 var det ein rekordstor flaum i vassdraget som påførde skadar og ulemper for fleire interessentar i området.

Alle vatna ovanfor kraftstasjonen vart overfløynde og vassføringa i vassdraget var av ein slik karakter at det vart påførd skadar i nærområda til vassdraget.

Rallarvegen er eksempel på objekt som vart påførd skade og utvasking av vegfundament/murar og vatnet stod over vegbana fleire stader ved Reinungavatn.

Det same skjedde og ved Seltuftvatn der vegbana ligg lågt nokre stader i høve normalvasstand.

Nokre hytter fekk og vatn inn i kjellar/grunnmurområde.

Både vegen gjennom Flåmsdalen og Flåmsbana vart påførd skadar i samband med flaumen.

Nedstraums kraftverket i Flåmsdalen var det mange stader overfløyming og erodering/utvasking av vegfundament forutan at elveløpet har endra karakter.

Bruer vart og øydelagt grunna stor vassføring.

Etter mitt syn må ein i samband med konsesjonsaka vurdere tiltak i vassdraget for å redusere framtidige flaumar og skadepotensiale på nærområda til vassdraget.

Slik klimautviklinga har vore dei siste åra er det av styresmaktene, NVE og klimaekspertar m.fl. spådd liknande og kraftigare nedbørsmengder i framtida.

Dette er ei utvikling som no må takast omsyn til og med det føreta tiltak som kan førebygga liknande flaumsituasjoner i framtida.

Rallarvegen som var bygt i samband med Bergensbana før år 1900 er eit nasjonalt tur-og friluftstiltak som må sikrast for framtida.

Det same gjeld Flåmsbana som nasjonal turistbane der Kjosfossen og elva gjennom Flåmsdalen er av verdsklasse som reisemål for turistar.

I dette området er det ca. 100 hytter og stølar som er i regelmessig bruk og der hyttefolket er brukarar av natur- og friluftsområda i dalføret.

Vatnahalsen Høgfjellshotell er og ein samlingsstad for tilreisande turistar og brukarar av fjellområda både sumar og vinter.

Bestanden av fisk i alle vatna oppstraums Reinungavatn er forringa i løpet av dei dei siste ca 30 åra.

Røye frå Såtavatnet har slept seg ned i vassdraget og har i løpet av desse åra "overbefolka" alle vatna og fortrengd auren som tidlegare var av god kvalitet for fritidsfiske.

Det er difor minimalt med fritidsfikse slik kvaliteten og bestanden er i vatna no. Kan det gjerast tiltak i vassdraget for å redusere røyebestanden og dermed heve kvaliteten på auren ?

Eg ber difor om at tiltak for førebygging av framtidige flaumar i vassdraget no vert vurdert som ein del av konsesjonsvilkåra for Kjosfossen kraftverk

og Flåmsvassdraget.

Vurdering av tiltak for fiskebestanden i vassdraget bør og takast omsyn til.

Helsing

Asle Bergstrøm

Kopi: Vatnahalsen og Reinunga Hytteforening v/Trond Iversen